



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 1. september 2023

Sal av eigedom



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 1. september 2023 kl. 14.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde digitalt.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseforetak § 31 (ref. Helse Vest RHF si styresak 066/23)

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

I tillegg møtte:

Underdirektør Helga Daae

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad

Nestleiar Olin Johanne Henden

Gunnar Berge

Anne Karin Hamre

Oddvar Kaarbøe

Solfrid Borge

Tord Anton Haaland

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen, og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseforetak § 31 (ref. Helse Vest RHF si styresak 008/23)

Føretaksmøtet viste til brev frå Helse Vest av 19. juni 2023, jf. styresak 066/23 i Helse Vest RHF, der dei bad om samtykke til sal av eigedomen Knappen (Knappenveien 23D) tilhøyrande Helse Bergen HF. Eigedomen ligg på Straume i Bergen kommune og er på til saman 63 mål. Den har vore nytta av Kronstad distriktpsykiatriske senter, som i 2016 fekk nye lokale på Kronstad. Helse Bergen HF har avtalt å selje eigedomen til Bergen kommune.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 066/23 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eigedomen Knappenveien 23D, gnr. 21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49 i Bergen kommune, tilhøyrande Helse Bergen HF.*
- 2. Frigjorte middel ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*

Møtet vart heva kl. 14.35.

Oslo, 1. september 2023

Målfrid Bjærum

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar